SØKNAD

OM GODKJENNING SOM KURSARRANGØR INNANFOR JURIDISKE EMNE OG EMNE KNYTTE TIL UTØVINGA AV ADVOKATYRKET, JF. ADVOKATFORSKRIFTEN § 13 TREDJE LEDD

Verksemda sitt namn _____ Org. nr. _____

Arrangøren sin opplæringsansvarlege _____ Telefon _____ E-post _____

Vilkår:

1. Kursarrangøren må oppfylle dei krava som blir stilte for kurs, jf. det som kjem fram under, og eventuelle særskilde vilkår som blir stilte.
2. Dokumentasjon for kurs skal utarbeidast og oppbevarast hos kursarrangøren. Dokumentasjonen må kunne leggjast fram for Advokattilsynet ved førespurnad. Vi har vidare høve til å be om ytterlegare dokumentasjon.

Krav til kurs:

Det må utarbeidast dokumentasjon for kurs innanfor juridiske emne og emne knytte til utøvinga av advokatyrket, jf. advokatforskriften § 13. Dokumentasjonen skal minst innehalde ein kursplan. Kursplanen skal vere utarbeidd i forkant av kurset og beskrive kurset sitt formål og målsetting, til dømes kven kurset eignar seg for, fagleg nivå, læringsmål, fordeling av tidsbruk på dei ulike fagområda og liknande.

Det må nyttast kompetente førelesarar med spesialisert kompetanse innan temaet det skal førelesast i, og kursplanen må beskrive bakgrunn/kompetansen til førelesaren som skal nyttast. Dokumentasjonen skal òg innehalde kursmateriell, presentasjonar m.m.

Det blir lagt til grunn at kursarrangøren oppbevarer kursdokumentasjonen og deltakarlistene for gjennomført etterutdanning i minst fem år etter at kurset vart halde. Alle kurs må ha minst 45 minuttar samanhengande undervisningstid. 45 minuttar utgjer ein kurstime.

Det skal utferdast kursbevis til advokatane ved gjennomført kurs, som skal innehalde:

- Namn på kursarrangør
- Namn på kursdeltakar
- Dato kurset fann stad
- Kurset sitt namn/emne
- Kort skildring av kva kurset omhandla
- Kurset si lengd/timetal

Særskilde krav til nettbaserte kurs:

Nettbaserte kurs blir godkjende så framt krava til fagleg innhald, profesjonalitet og dokumentasjon er oppfylte, jf. det som går fram ovanfor. Ved gjennomføring av sanntidskurs (webinar/livestream) må kursarrangøren ha system som sikrar at det kan dokumenterast at det er den påmelde advokaten som deltek, og at vedkomande faktisk gjennomfører kurset. Ved gjennomføring av e-kurs (opptak av kurs) krevst det i tillegg ei viss grad av interaktivitet, og desse kursa må difor innehalde individualiserte testar eller svar frå den enkelte deltakar undervegs i kurset. Arrangøren må òg dokumentere kor mange etterutdanningstimar kurset utgjer. Godkjenninga av kursarrangør kan trekkjast tilbake dersom vilkåra ikkje lenger er oppfylte.

Eg stadfestar at vi som kursarrangør vil etterleve dei stilte vilkåra.

Sted _____ Dato _____

Signatur for verksemda _____

ADVOKATTILSYNET

Postadresse: Postboks 720 Sentrum, 0106 Oslo
Telefon: 22 00 75 00
Organisasjonsnummer: 914 459 265
E-post: post@tilsynet.no
Hjemmeside: tilsynet.no